

Frå  
Bygdamøte i Indrefjorden  
Gamle Romarheim-Urdal skulekrins  
v/Helge Eidsheim (leiar)  
Romarheim 86  
5994 VIKANES  
Telefon 976 78 236

Til  
Lindås kommune

## ***HØYRINGSUTTALE TIL KOMMUNEPLANEN SIN AREALDEL***

Høyingsutkastet vart drøfta på opne bygdamøte på Dyrkolbotn Fjellstove den 15. august 2019.  
19 vaksne personar møtte opp + born. Me var samde om følgjande:

### **1. Bustadbygging**

Me er glade for at det er opna opp for tre nye bustadhus på Eikefjellet aust for Romarheim. Men arealet som er markert grønt i kommuneplanen er så krevjande at det har plass til lite meir enn dei tre husa som alt er bygde der før. Arealet må utvidast austover for å få plass til tre nye. Det skal leggast ved høyingsuttalen ei kartskisse med ei områdeavgrensing der tre nye hus kan få plass

I høyingsutkastet er det sletta seks bustadtomtar i Romarheimsneset på gnr 217/56. Bygda vil behalde desse. Dersom statlege føringar pressar oss til å ikkje auke det samla talet på hustomtar i bygda, så kan det kanskje bestemmast noko liknande som i Eikefjellet, - at det kan byggast tre nye bustadar på dette området i planperioden?

### **2. Omsynsone friluftsliv**

Me foreslår å endre teksten s. 31 i Kommuneplanen sin arealdel 2019-2031. Forslag til ny tekst: "Innanfor omsynssona er det ikkje tillate med tiltak eller fysiske inngrep som kan medføre ødelegging eller anna som kan redusere bruksverdien av områda vesentleg i høve til tur- og friluftsliv." Ordet "nedbygging" føreslår me å ta vekk, då det er eit omgrep som kan tolkast på ulike måtar. Det har ei vid og uavklara betydning.

### **3. Naust og badestrand**

Bygda vil ha inn i planen at det er plass til naust utanfor naustrekka som finst, sør for eksisterande naustrekke ved småbåthamna på Romarheimsvågen.

Området som er merka på kartet (#10) ser ut til å gripe inn i badestranda som er flittig brukt av bygdefolket i Einevikja. Bygdemøtet ynskjer at området der vert skjerma og at nausttomtane kjem på sjølve Romarheim. Ny naustbygging ynskjer me at skal komme som fortetting av eksisterande

område med naustbygging. Dersom det er behov for fleire båtplassar kan ein eventuelt bygge ut småbåthamna. Ein får då båtplass, sjølv om ein ikkje får naust.

#### **4. Nærings i Nipo**

Kraftverka i Nipo må inn på karta. I Nipo er det planar om ein ny kraftverksbygning, og i forbindelse med den ynskjer grunneigar eit litt større område sett av til næringsområde. Her tenker grunneigar å utnytte overskotskraft til dømes til veksthus eller datasenter. Han utarbeider kartvedlegg.

#### **5. Grensejusteringar i Dyrkolbotn**

Arealplanen frå 2011 er god og tenleg for Dyrkolbotn Fjellstove og leirskule. Dei ynskjer berre nokre grensejusteringar, som dei vil be om i eige brev.

#### **Avslutning**


Bygdamøtet ynskjer at bruken av naturen og ressursane skal styrast lokalt. Me visar til at samarbeidet med Lindås kommune har vore særskilt godt dei siste åra. Me håpar det heldt fram i nye Alver kommune. Me ynskjer å behalde kommunen som partner i ressursforvaltinga, utan statleg overstyring.

*Vikanes, 19. august 2019*

*Helge Eidsheim  
Leiar i Bygdautvalet*

---

**Fra:** Bygdelag Vikanes Romarheim <vikanesromarheim@gmail.com>  
**Sendt:** søndag 25. august 2019 20:59  
**Til:** Postmottak Lindås  
**Emne:** Komentar på arealplan  
**Vedlegg:** 20190819-Bygda-Arealdel.odt; kartskisse til arealplan.pdf

**Situasjonskart -**

Forslag til ny arealplan Lindås kommune. Forslag til areal for bustadføremål på Romarheim

Dato: 23-08-2019

**NHdigi.no**

Målestokk: 1:1 250

30m